



Hjelmås VVS AS  
Leknesvegen 183  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 16/2480 - 16/30967

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
11.11.2016

## Avvist søknad om etablering av avlaupsanlegg - gbnr 11/74 Hølleland - Hosøy

**Administrativt vedtak. Saknr: 545/16**

**Tiltakshavar:** Hjelmås VVS AS  
**Ansvarleg søker:** Helge Løland  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1, Velg et element.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve og løyve til etablering av avlaupsanlegg for fritidsbustad på gbnr 11/74. Omsøkt utslepp skal reinsast i slamavskiljar før det skal først i tett leidning til sjø. Det vert elles vist til søknad mottatt 02.08.2016.

### Vurdering

Kommunen har gått gjennom søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf forskrift om begrensing av forurensing § 12-4 og saksbehandlingsforskrifta SAK 10 § 5.4. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

### Nabovarsel

Naboar skal varslast om tiltaket. Vi kan ikkje sjå at det er dokumentert at tiltaket er nabovarsla.

### Plan

Omsøkte tiltak må vera i samsvar med gjeldande plan. Egedomen ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til byggjeområde for fritidsbustadar. I følgje punkt 1.1 i føresegne til planen er det krav om utarbeiding av reguleringsplan før omsøkte tiltak kan godkjennast. Tiltaket krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå plankravet. I tillegg er tiltaket i strid med planen si byggjegrønse mot sjø og vil også krevja dispensasjon frå dette tilhøvet.

### Slamtømming



Omsøkte avlaupsløysing krev at eigedomen kan knytast til den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår. Det er ikkje dokumentert at vilkåra for slamtømming er stetta.

Kommunen har bedt om tilleggsdokumentasjon i brev datert 29.08.2016. Tilleggsdokumentasjon er ikkje mottatt, jf siste frist for innsending av tilleggsdokumentasjon som vart sett til 01.11.2016. Kommunen si førebelse vurdering er at tiltaket ikkje fyller vilkåra for slamtømming.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf Forskrift om begrensing av forurensing § 12-4 og plan- og bygningslova § 21-2, jf SAK 10 § 5-4. Saka vert avvist.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

#### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 og forskrift om begrensing av forurensing § 12-4, vert søknad om utsleppsløyve og etablering av avlaupsanlegg avvist. Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.**

**Når søknaden er avvist vert saka avslutta. Ny fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon må sendast inn om søknaden skal takast til handsaming.**

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvært.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2480**

#### Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Helge Løland

Lønborglien 343 5039

BERGEN

**Mottakarar:**

Hjelmås VVS AS

Leknesvegen 183 5915

HJELMÅS